



ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 1– 2024 26. årgang kr. 90,-

Leiar:

Av og til får vi spørsmål om det stadig er meir å skrive om kring ishavshistoria. Etter 100 utgåver av Isflaket, og ymse andre skrifter og bøker, er svaret på dette utvilsamt ja. Det finnest tallause historier der ute som framleis ikkje er skrivne ned. Dei var forsiktige med å fortelje for mykje dei som hadde dette som sitt levebrød. No er utfordringa at det minkar på førstehands informasjon som kan fortelje historiene.

Som redaktør for Isflaket er det ofte freistande og bruke meir stoff frå vårt etter kvart rikhaldige arkiv. Der er mange godbitar å sette på trykk, men eg prøvar å begrense dette så lenge vi har dyktige og interesserte skribentar som stadig grev seg ned i spanande historier og lagar artiklar til bladet. Samstundes må eg innrømme at det kan vere utfordrande å sette i hop fire utgåver i året utan å ta med for mykje frå arkivet, men desse arkivhistoriene er også ofte førstehands kunnskap skrive ned eller fortalt av dei som var med. Derfor er desse arkivhistoriene viktige bidrag å ha med i bladet.

Isflaket er stadig på jakt etter dei gode historiene frå både polarhistorie, men også relaterte emne. Du må berre ta kontakt om du sit på ei historie du vil dele med Isflaket sine knappe 800 lesarar. Interesse for historia vi formidlar er stadig aukane. Nye generasjonar kjem til som har hatt sine forfedre med på selfangst eller andre arktiske ekspedisjonar og dei vil gjerne høyre og lære meir om dette.

På våre nettsider ishavsmuseet.no ligg der ein skutekatalog med oversikt over kring 500 ishavsskuter. Ein katalog som på ingen måte er ferdig, men er under stadig oppdatering. I 2023 hadde denne katalogen over 100.000 treff. Eg vonar at mange kunne finne interessante opplysningar også der.

Gjennom dei mørke vintermånadane er det fullt opp med arkivarbeid, registrering og digitalisering som står i fokus på Ishavsmuseet. Eit arbeid som aldri vert ferdig, då samlingane stadig veks. For nokre få dagar sidan var vi i Ålesund å henta 315 polare og maritime bøker som Ishavsmuseet fekk i gåve frå Nordvest-

skipsfartshistorisk Selskap Ålesund. Ei fantastisk raus gåve som vil gå inn i museet sine boksamlingar med frå før av nærare 3000 bøker. Mykje andre gjenstandar og arkiv kjem også inn til museet i desse dagar, og i løpet av våren og tidleg sommar vil det verte opna fleire nye utstillingar på museet. Mellom anna vert nær heile fjerde etasje på museet ombygd for ei ny utstilling. Meir om dette i neste utgåve av Isflaket.

I denne utgåva vil du forhåpentlegvis også finne spanande artiklar. Magnus Sefland har levert fyldig og god artikkel om Nova Scotia-skonnertar som har hatt fart i arktiske farvatn. Johannes Alme har snakka med mellom andre Per Sævik om eit tragisk 50 års minne om «Lance II» katastrofen, 11. februar 1974 kallar skipper Oddvar Simonsen på «Lance II» opp Vardø Radio og fortel at dei har grunnstøyt på veg frå Vadsø til Båtsfjord.

I spalten frå arkivet har vi denne gang menta ein fyldig rapport frå «Veslekari»-ekspedisjonen i 1928, på leiting etter Roald Amundsen. I Spalten «Eit 100-års minne» er den dramatiske historia frå «Teddy» sitt forlis teke med. Mannskapet frå «Teddy» gjekk over isen og tok seg etter kvart til Angmagssalik der dei vart buande i nesten eit år før redninga kom. Frå boka «På Minnegrunn» av Sigmund Bøe, Ishavsmuseet 2003, har vi med ein artikkel om forsøksfangst i Weddelhavet.

Eg vonar du kan finne noko av interesse også i dette bladet.

God lesnad.

Brandal 15.02.2024

Webjørn Landmark
Redaktør

Isbjørnen

Hans Sætre fortalde om ein tur på ishavet. Han var i tynna, skuta låg fast i Kvitesjøen. Mannskapet var på isen og drog om bord skinn.



Dei hadde fangst liggande langt unna, og skuta kom ikkje fram til fangsten. Han sto der i tynna og heldt auge med mannskapet. Isen var litt utrygg, så han heldt kikerten fast på karane.

Det var 9 mann som kom i rad og rekke med kvar si drog med skinn. Så var det at han brått oppdaga ein isbjørn som kom luskande etter mannskapet. Avstanden var stor, så han fekk ikkje advart mannskapet.

Isbjørnen kom nærare og nærare. Så steig han med framlabbane på skinna til den bakaste av karane. Mannen snudde seg for å sjå kva som heldt igjen. Då stirra han bjørnen rett i augo.

Han var snar med å sleppe dragartaua å legge på sprang. Dei andre karane slepte også taua og fylde etter mannen som kom springande i ei rasande fart fram på sida med dei og gaula, og dei vart snart klar over kva for kamerat dei hadde fått.

Dei hadde ikkje med våpen, så her var det berre å kome seg langt unna. Men bjørnen var fornøgd med fangsten, så mannskapet slapp med skrekken. Bjørnen la seg til å ete på skinna. Frå skuta sende dei fram ein skyttar, han fekk livet av isbjørnen. Så i byte med nokre kvitungeskinn fekk dei eit flott isbjørnsskinn. Men den farta som karane fekk når dei oppdaga bjørnen, ja det kosa Sætre seg over 30 år seinare.

Avsiglar

Det var avsiglardag blant fleire av skutene i Brandal. Som vanleg var det stort oppmøte av vener, koner og born som skulle sjå sine trygt avstad. Avsegjarfestane kunne vare opp i ei veker tid, og enkelte synest det var greitt å sjå dei kurse ut Breisundet.

Men i trengselen bar det så uheldig til at kona til skipperen, som stod fremst på kaikanten, vart skubba på sjøen. Skipperen såg kva som bar til, bøygde seg over rekka og ropa:

-Trø sjøen Astrid, til dess ej fæ henta longtroda!

Innhald

Nova Scotia-skonnertar	side 4
«Lance II» katastrofen	side 13
På forsøksfangst i Weddelhavet	side 21
Ei korrigering	side 29
«Veslekari»- ekspedisjonen 1928	side 30
Natt på museet	side 53
Polarkveld på Ishavsmuseet	side 54
Eit 100-års minne	side 58
Imponert av Ishavsmuseet	side 62

ISFLAKET

Polarmagasinet utgitt av Ishavsmuseet og Ishavsmuseets Venner.

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28, 6062 Brandal

Tlf. 95 11 76 44

Redaksjon: Webjørn Landmark, redaktør og oppsett. webjorn@ishavsmuseet.no

Opplag 800. Årskontingent / abonnement kr. 400,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 750,-

www.ishavsmuseet.no

www.facebook.no/aarvak

Forsidefoto: «Brandal» i Vesterisen 1976.

Foto Ragnar Thorseth

ISSN 1891-9480

Nova Scotia-skonnertar i fart i arktiske farvatn.

Av Magnus Sefland

Eit forsøk på definisjon av skonnert:

Forholdsvis små skrog i forhold til seglarealet. Nemninga skonnert seier lite om skrogforma (etter W. Claviez). Fartøytypen blir i hovudsak definert av riggen: To eller fleire master. Sneisegl: Segl på bommar, stag og liknande – alle segl i fartøyet si lengderetning, i motsetnad til råsegl, som står på tvers av lengderetninga. Ein variant av skonnert er skonnertskip: tre master med sneisegl på alle master – og i tillegg råsegl på fokkemasta. Døme: Polarskuta *Fram*.



Fram. Foto frå Wikimedia.

Mange av Nova scotia-skonnertane kom til Norge under første verdskrig. På den tid var det høgkonjunktur i norsk økonomi, med spekulasjon i stor stil. Dette var også den viktigaste bolken for bygging av ishavsskuter – ein del av dei på spekulasjon: bygging av fartøy – utan avtale med kjøpar. Dei fleste av desse var dampdrivne og med kutterfasong: loddrett baug og utoverhengande hekk.

Nova scotia-skonnertane skilde seg ut med ein annan fasong: lange og heller smale, med meir eller mindre avrunda baug og utoverhengande hekk.

Litt om treskipsbygging i New England-statane Massachusetts og Maine – og i Nova

Scotia på den kanadiske sida av grensa: Skonnerten vart utvikla på den nordamerikanske atlantehavskysten frå 1700-talet og utover. Det var grunn til typenemninga nova scotia-skonnert.

På kyststrekninga Boston - Newfoundland var fiskebankar. I kystområda på denne strekninga var det god tilgang på skog og trevirke. Det gav grunnlag for både fiskeri og skipsbygging. I skipslister og katalogar er namn som Essex (i Massachusetts), grannebyen Gloucester og Lunenburg i Nova Scotia nemnde som viktige stader for skipsbygging.

Gloucester og Essex er geografiske namn i Storbritannia. Med tida har desse namna, og mange andre europeiske namn, vorte stadnamn også i USA. Essex er namn på ein liten stad ved ein elveos i nærleiken av Gloucester i Massachusetts, like nord for Boston. Dei første europearane slo seg ned der på 1600-talet. Staden vart kjend som eit senter for treskipsbygging og vart eit leiande miljø for bygging av skonnertar. Det er grunn til å tru at der har vore ei rekkje meir eller mindre uavhengige skipsbyggeri – med, for oss, ukjende namn. Denne drifta heldt seg så lenge at den ebba ut først under andre verdskrig. Drifta heldt likevel fram med bygging av tradisjonsfartøy.

Vi har ikkje oversikt over dei mange skonnertrigga fartøya som vart bygde i det omtalte New England-distriktet. Her avgrensar vi oss til omtale av nokre fartøy som vart bygde i det aktuelle området i 1890-åra og rundt 1900 og som kom til Norge under første verdskrig. Sentral her var Bendik Mannes frå Karmøy. I jobbetida under første verdskrig skal han ha kjøpt 12 (!) slike skonnertar på spekulasjon. Dei vart selde vidare til ulike formål. Namn røper at somme av dei fekk tilhald andre stader i Rogaland ei viss tid: *Vaaland* og *Ullenhaug* (den seinare *Sælbarden*).

På få år vart dei omfunksjonerte til bruk i fangst og ekspedisjonar i isen eller til fiske arktiske farvatn. Som skonnertar var dei ikkje bygde for

å gå i is, slik det trongst ved selfangst. For slik fart måtte dei forsterkast.


Med i denne gruppa var også to fartøy som skilde seg litt ut. *Effie M. Morrissey* vart aldri norsk. Men fartøyet fekk eit streif av tilknytning til Norge ved at fartøyet overtok etter *Veslekari* som ekspedisjonsfartøy for Louise Arner Boyd under andre verdskrig – og ved at fartøyet opererte i same farvatn, og med liknande oppgåver, som *Polaris* og *Polarbjørn* gjorde både før og under andre verdskrig.

Det andre fartøyet som skilde seg noko ut, var *M. & L. Coaster II (Minna)*. Denne vart bygd så seint som i 1937 og heldt det gåande til 1971.

Her er dei mest aktuelle fartøya rangert kronologisk etter byggjeår:

GOVERNOR RUSSELL (1892) / **FREDRIKKE** (1916) / **CONRAD HOLMBOE** (1923).

Bygd av tre av James & Farr i Essex og levert til tingar i Massachusetts i 1892 med namnet *Governor Russell*. Dimensjonar var ved levering 94 ft/127 brt, tonnasje ved seinare ombygging auka til 136 brt. Framdrifta var opphavleg truleg segl.



Conrad Holmboe

I 1916 vart fartøyet seld til ishavsskipper Jens Øien i Tromsø og fekk namnet *Fredrikke*. Øien fekk fartøyet ombygd for ishavsfart og fekk sett inn ein Bolinder på 120 hk. *Fredrikke* fekk etter 1920 fiskerimerket T 26 T.

Jens Øien ser ut til på den tid å ha hatt omfattande planer for ishavsdrift. Han tinga *Polarbjørn* (1919), skuta som seinare høyrde heime i Brandal, hos skipsbyggjar Nils Jakobsen i Narvik. Rundt 1920 snudde oppgangstidene til nedgang. Jakobsen vart sitjande med *Polarbjørn*, medan *Fredrikke* i 1922 vart seld – først til Geofysisk Institutt i Tromsø og så vidare til Conrad Holmboe i Tromsø i 1923, med *Conrad Holmboe* som nytt fartøynamn.

I 1922 sende Geofysisk Institutt ein ekspedisjon til Nordaust-Grønland for overvintring og oppretta ein meteorologisk radiostasjon der. Dette vart starten på radiostasjonen i Myggbukta. Ekspedisjonen segla bortover med fartøyet *Anni I*, med Johan A. Olsen som skipper. Etter eit år skulle *Anni I*-folka avløyasast. *Anni I* forlet Myggbukta i 1923 og forsvann på heimreisa med heile ekspedisjonen.

Ny overvintringsekspedisjon var på same tid på veg til Myggbukta med *Conrad Holmboe*, med John Næss som skipper og med forsyningar til både Jan Mayen og Myggbukta. Skuta lossa først forsyningar på Jan Mayen og gjekk deretter vidare mot Nordaust-Grønland. Ved Jacksonøya fekk *Conrad Holmboe* så mykje skade frå isen at skuta måtte snu og gå til Island. Der vart det konstatert blant anna at kjølen var knekt fleire stader. Skadane var så store at skuta vart kondemnert Isafjord.

EFFIE M. MORRISSEY (1894) / **ERNESTINA** (1946) / seinare **ERNESTINA-MORRISSEY**.

Bygd av tre ved John F. James & Washington Tarr, Essex, Massachusetts og levert til eigar og skipper Edward Morrissey i 1894. Fartøyet fekk namn etter dottera Effie M. Morrissey. Dimensjonar: 152 ft/120 brt. Framdrifta var truleg opphavleg segl. Fartøyet fiska frå Gloucester i Massachusetts i elleve år og fiska godt.

I 1925 vart Robert Bartlett frå Newfoundland ny eigar og skipper på *Effie M. Morrissey*. På same tid fekk fartøyet ein hjelpemotor, ein diesel på 65 hk. Men fartøyet var framleis i hovudsak eit



Effie M. Morrissey. Ford-Bartlett East Greenland Expedition 1930. Foto frå Wikipedia.

seglfartøy. Før det hadde Bartlett vore med på ei rekkje ekspedisjonar i Arktis, blant andre Robert Peary sin omdiskuterte framstøyt mot Nordpolen.

I om lag to tiår frå 1925 var *Effie M. Morrissey* og skipper Robert Bartlett på ei lang rekkje ekspedisjonar til Grønland og det arktiske Nord-Amerika. Oppgåvene var mange, innan oseanografi, hydrografi, geografi og meteorologi. Oppdragsgjevarane var universitet, museum, National Geographic Society, Explorers Club og det amerikanske militæret.

I 1931 var *Effie M. Morrissey* på ekspedisjonsoppdrag ved Nordaust-Grønland. Der gjekk fartøyet på grunn. *Polarbjørn* (1919), skipper Kristoffer Marø, var i same farvatna på liknande oppdrag for Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser, med Adolf Hoel som ekspedisjonsleiar. *Polarbjørn* kom til og hjelpte til med å drage *Effie M. Morrissey* av grunna. *Polarbjørn* hadde med fleire journalistar i samband med flaggheisinga i Myggbukta og annekteringa av Eirik Raudes Land for Norge. Ein av journalistane karakteriserte *Effie M. Morrissey* som den ‘slanke, yachtliggende newfoundlands-dame’.

Tidleg under andre verdskrig var *Effie M. Morrissey* til Vest-Grønland på ekspedisjon for Louise Arner Boyd. Dette var på sett og vis eit framhald av ekspedisjonane som Boyd hadde gjennomført ved Aust-Grønland og i Norskehavet med DS *Veslekari*. Etter 1940, med krigen i gang, var ikkje *Veslekari* disponibel lenger. *Effie M. Morrissey* deltok også i synfaring og transport i samband med etablering av flyplassar og andre stasjonar i Ungavaområdet og i Frobisher Bay på Baffin Land under krigen. Dette var oppgåver som også dei norske ishavsskutene *Polaris* og *Polarbjørn* deltok i. (Desse skutene var stasjonerte i Canada og vart disponerte til krigsrelatert transport gjennom Nortraship).

Robert Bartlett døydde 1946. *Effie M. Morrissey* hamna etter det på Kapp Verde-øyane, med namnet *Ernestina*. Etter ei årrekke med allsidige oppgåver i mildare strøk, vart fartøyet gitt tilbake til USA som gåve og verna som kulturminne med namnet *Ernestina-Morrissey*.



Ernestina-Morrissey i mai 2023. Foto frå nettstaden <http://www.ernestina.org/>

LUCINDA LOWELL (1900) / **TAAKEHEIMEN** (1917).

Bygd av tre ved ukjend verkstad i Essex i Massachusetts i 1899/1900. Levert som *Lucinda Lowell* til ukjend eigar. Lengd var 90 ft, etter ombygging var dimensjonane auka til 100 ft/119 brt. Framdrifta var opphavleg truleg segl.



Taakeheimen på slipp. Foto frå Tore Topp

Fartøyet vart i 1917 seld til Schjelderup-reiarlaget på Skånland i Bodin og fekk namnet *Taakeheimen*. Ved innføringa av merkelova for fiskefartøy i 1920 fekk *Taakeheimen* fiskeri-registreringa N 30 BN.

Schjelderup fekk skuta ombygd og utrusta for selfangst ved Bodø skipsverft i 1917. Då vart det montert ein Avance-motor på 92 hk. Skuta var første gong i isen (Vestisen) i 1917, med Ludolf Schjelderup som skipper og eit mannskap på 14 mann.

1917 vart det verste ulykkesåret i selfangsthistoria. I Vestisen kom sju skuter med til saman 84 mann nesten sporlaust vekk i orkan. Schjelderup-reiarlaget hadde skutene *Johanna Schjelderup* og *Taakeheimen* på feltet det året. *Johanna Schjelderup* var langt sørvest og unngjekk det verste uveret. *Taakeheimen* hadde før utseglinga både tekniske vanskar og kluss med forsikringa. Derfor kom skuta så seint av garde at ho unngjekk orkanen.

Ein merknad til namnet *Taakeheimen*: Fartøy har ofte fått namn med positivt innhald: *Fram*,

Von, *Draumen*, *Solbris*; *Nordlys* osv. – Somme vil kanskje meine at namnet *Taakeheimen* har eit heller dystert innhald. Etter å ha vorte stoppa av eit sovjetisk oppsynsfartøy i Kvitsjøen, fekk *Taakeheimen* ordre om å gå til Arkhangelsk. Då gjorde ikkje skuta skam på namnet sitt: ho stakk seg vekk i skodda og segla ut av sovjetisk farvatn.

Skipper var Ludolf Schjelderup i åra 1917-23. Han overtok som skipper på DS *Quest* etter at reiarlaget kjøpte den skuta etter Ernest Shackletons død i 1922. Andre skipperar på skuta var Hans Olsen, Isak Winje og Ingvar Johannessén ('Snusen'). *Taakeheimen* forliste under fangst i Danmarkstretet i 1926. Mannskapet frå vart tatt opp av *Staal* og brakt til Reykjavik.

MATCHLESS (1902) / **VAALAND** (1919). Bygd av tre ved ukjend verkstad i Essex, Massachusetts. Levert til ukjend eigar i 1902. (Om dette fartøyet heiter det ein stad at det vart bygd i Essex, UK. Truleg ei forveksling av Essex i Massachusetts og det engelske landskapet Essex). Lengd var 94,3 ft. Fartøyet skal ha hatt stor seglføring. På eitt eller anna



«Vaaland». Foto henta frå nettstaden minnehallen.no

tidspunkt skal fartøyet fått montert ein Watermann bensinmotor på 40 hk til framdriftshjelp.

Fartøyet har truleg kome til Norge i 1917, innkjøpt av AS Vesterhav Fiskeriselskab i Stavanger. Ved det høvet fekk fartøyet namnet *Vaaland*. I 1919 overtok Thorvald Brox i Tromsøysund fartøyet. Ved innføring av merkelova i 1920 fekk skuta fiskerimerket T 1 TD.

På eitt eller anna tidspunkt vart fartøyet ombygd for ishavsfangst. Det var truleg etter det fartøyet vart målt til 103 ft/106 brt. Det var truleg ved same høvet skuta fekk montert ein Avance på 130 hk.

I tillegg til vanleg ishavsdrift og fiske var *Vaaland* i åra 1925 og 1926 bortleigd til ein tysk filmekspedisjon. Ekspedisjonane besøkte Sørøst-Grønland (Ammassalik) og Spitsbergen og Kvitøya på Svalbard.

1939 var eit år då orkan herja med overseglingane til selfangstfelt. På veg til Newfoundland forliste tre skuter, ei av dei – *Nyken* – med heile mannskapet. Også på overseglinga til Vestisen same året gjekk fleire skuter tapt: *Vesterhavet* og *Heimland I*. Begge mannskap vart berga. To andre skuter – *Polar* og *Vikfeld* – forsvann med mannskap utan spor. I same uveret var også *Vaaland* ille ute. Ein kraftig brotsjø la skuta i 90 grader slagside. Det vart sagt at då ho retta seg opp, rann det sjø ut av utkikstønna i mastetoppen.

Under andre verdskrig ville ikkje hurtigruteselskapa segle med sine ordinære hurtigruteskip nord for Tromsø, på grunn av krigsrisiko. Dei hadde tidleg under krigen mist fleire skip, med mange omkomne. Derfor vart det etablert ei erstatningsrute med mindre fartøy, blant dei ein del ishavsskuter, på strekninga frå Tromsø til Vadsø.

I november 1941 gjekk *Vaaland* inn i denne ruta, med Hans Brox som skipper. *Vaaland* var sertifisert for 20 passasjerar. Tenesta i ruta skulle ikkje bli langvarig. Allereie i slutten av januar 1942 vart *Vaaland* skoten i senk av ein sovjetisk ubåt ved Kjølnes på finnmarskysten. Ein person, matros og romann Karl Teodor Karlsen, vart drept momentant. Passasjerane og resten av mannskapet kom seg i livbåt og berga seg inn til finnmarskysten. Ubåten skaut skade på *Vaaland*, slik at fartøyet gjekk ned på fem minutt.

Ved forliset hadde *Vaaland* med ei kiste med 3,7 millionar kroner. Summen seiast å tilsvare om lag 100 millionar kroner i 2000. Kista var innelåst under dekk og gjekk tapt ved forliset. Pengane skulle til Norges Bank si avdeling i Vardø. Norges Bank inviterte Norsk Bjergingskompani til å levere tilbod på heving av skuta og pengekista. Selskapet takka nei. På 40 meters djup ville berging rett nok la seg gjere. Men bergingsselskapet fann krigsrisikoen for høg. Mange tiår seinare, med tilgang til moderne teknologi, har vraket vorte lokalisert og fotografert. Berre dei mest bestandige delane av skroget i form av spant kunne gjenkjennast. Pengekista var ikkje å sjå, mest truleg nedaura i sand på havbotnen.

FAUSTINA (1902).

Bygd av tre ved ukjend verkstad i Gloucester, Massachusetts, og levert til ukjend tingar i 1902. Lengd var 98,9 ft. Framdrifta var truleg opphavleg segl. (Om dette fartøyet heiter det ein stad – kanskje feilaktig – at det vart bygd i Canada, ein annan stad bygd i England. Ei viss forvirring med omsyn til byggjestad kan truleg forklarast ved at like geografiske namn finst i både Storbritannia og USA/Canada).


På eitt eller anna tidspunkt – truleg under første verdskrig - kom *Faustina* i eige hos Elias Blindheim med fleire i Ålesund. Elias Blindheim ætta frå Vigra.

I 1919 fekk fartøyet innsett ein Bolinder på 90 hk. Ved innføring av merkelova i 1920 fekk *Faustina* merket M 207 A.

I 1923 var DS *Veslekari*, skipper Johan P. K. Olsen, på kvalfangst ved Vest-Grønland. Under fiske til eiga proviantering oppdaga mannskapet store mengder torsk og kveite i farvatnet. Grønland var på den tid eit 'lukka land': Framande fartøy fekk tilgjenge til grønlandskysten berre for å fylle ferskvatn og i naudssituasjonar. Ved eit slikt høve vart *Veslekari* skulda for å ha levert kvalkjøt til inuittar. Skuta vart tatt i arrest av det danske inspeksjonsfartøyet *Islands Falk* og klaga for ulovleg kontakt med inuittar.

Komen heim med *Veslekari*, heldt Olsen eit foredrag i Aalesunds Skipperforening om fiskeførekommstane ved Vest-Grønland. Dette gjorde at Elias Blindheim sende *Faustina*, med sonen Peder Blindheim som skipper og Edvard Gjeverä som bestmann, til fiske ved Vest-Grønland i 1924. Den norske regjeringa hadde klarert turen som prøvefiske og gitt *Faustina* ein garanti på 10 000 kroner. Fire andre fiskebåtar frå Sunnmøre følgde kort tid seinare: *Ameta*, skipper Sverre Foss, og *Stormfuglen*, skipper Elias Sperre. Begge fartøya utrusta av foretaket Baldersheim & Co. I tillegg *Aspø* og *Rosholmen*. Sverre Foss hadde vore styrmann på *Veslekari* i 1923.

Faustina bunkra og provianterte på Færøyane. Der kom også to færøyske fiskarar om bord. *Faustina* fiska på bankane mellom 63 og 67 grader nord – linefiske etter torsk og kveite. *Faustina* fiska godt. Men før heimreisa måtte *Faustina* inn til grønlandskysten for ein mindre reparasjon og for å fylle ferskvatn. Etter danske reglar var det ikkje tillate å segle inn om grensa på tre nautiske mil frå kysten. Vaktskipet *Islands Falk* var på plass og tok *Faustina* i arrest for forhøyr. Etter 17 døgn slapp skuta fri og kom



«Faustina». Foto av måleri i samlingane til Ålesunds Museum.

heim med 75 - 80 tonn saltfisk og 200 tønner med kveite.

I 1925 var eit førtital norske fartøy, blant dei *Faustina*, på vestgrønlandsfeltet på fiske, med samla mannskap opp mot 1000 mann. Paul Lillenes var der på kvalfangst med DS *Hvalbarden* – og opplevde det same som Johan Olsen og *Veslekari* og Peder Blindheim og *Faustina* hadde opplevd tidlegare – å bli oppbrakt av *Islands Falk* og skulda for grensekrenking.

Episodane med norske fiske- og fangstfartøy var truleg medverkande til at fiskerihamna Færingehavn vart oppretta for færøyske fiskarar ca 35 km sør for Nuuk i 1926. Frå 1937 vart Færingehavn opna for andre land sine fiskarar, blant andre norske. Færingehavn var stasjon for norske fiskarar gjennom fleire tiår.

I 1925 var Johan Olsen på vestgrønlandsfeltet på fiske med *Polarbjørn* (1919). Frå og med 1927 kom moderskip på feltet, blant andre *Helder*, *Thorland*, *Korsvik* og fleire. Dette var skip på fleire tusen tonn som fiska frå ei rekkje medbrakte motordoryar. Desse fartøya hadde i stor grad britisk kapital i ryggen. Eigar av *Helder* var Helleyer Bros Ltd i Hull, og fartøyet segla under britisk flagg. *Helder* vart disponert av Engvald Baldersheim i Bergen. *Thorland* vart disponert av kvalfangstselskapet Thor Dahl i Sandefjord.

Moderskipsperioden i dette fisket dabba av etter ca ti år. Fisket hadde vore så omfattande at det

kunne merkast på fiskebestanden. Tidleg på 1930-talet forsøkte foretaket AS Storegga i Ålesund seg med to store havfiskefartøy *Nyegg* og *Brategg*. Det gjekk ikkje så bra økonomisk. Men den sistnemnde – *Brategg* – kom seinare til å setje spor etter seg under namna *Jopeter* og *Polarbjørn*.

Faustina, som var med på å starte dette fisket, var på feltet ved Vest-Grønland i 1926. Skuta fiska først litt ved Island og gjekk deretter til Vest-Grønland. Fangsten vart seld på Island, i Aberdeen og i Ålesund. *Faustina* var til Vest-Grønland også i 1927. Skuta enda sine dagar ved Island i 1935. Der vart ho pårend under fiske og sokk.

ASPINET (1906) / **ULLENHAUG** (1916) / **ASPINET** (1919) / **SÆLBARDEN** (1928). Bygd av tre ved D. Storeys verkstad i Essex, Massachusetts, og levert til ukjend tingar under namnet *Aspinet* i 1906. Framdrift var frå starten av mest truleg segl.

Eit vendepunkt i fartøyhistorikken kom rundt 1916-17. I 1916 fekk fartøyet ein Nelseco-motor på 120 hk. Same året vart fartøyet seld til Claus Høie i Stavanger. Fartøyet fekk i Norge namnet *Ullenhaug* og vart målt til 102 ft/124 brt.

Dei neste par åra skifte fartøyet både eigar og namn: I 1918 vart A/S Vesterhav Fiskeriselskab i Stavanger ny eigar. (Dette selskapet hadde om lag på same tid hand om *Vaaland*, før det fartøyet vart seld til Thorvald Brox i Tromsøysund). I 1919 overtok partreiarlaget Strand og Kristoffersen i Kristiansund *Ullenhaug* og gav skuta tilbake det tidlegare namnet *Aspinet*. Etter merkelova i 1920 fekk skuta fiskerimerket M 78 K.

I 1927 gjekk dampkutter *Sælbarden* (1917) tapt under selfangst i Kvitsjøen. AS *Sælbarden* (Paul Lillenes og Enok Svendsen) kjøpte *Aspinet* som erstatning for den forliste skuta og gav nyinnkjøpet same namn: *Sælbarden*. Som herøyskute fekk fartøyet fiskerimerket M 255 HØ.



«Sælbarden» i tida som Herøyskute. Foto Peder Åkre frå Anny Bjørke, Ishavsmuseets arkiv.

Ved overtakinga vart skuta noko ombygd og fekk sett inn ein Bolinder på 160 hk.

Som ishavsskute hadde *Sælbarden* ei noko særeiga skrogform. Skuta hadde eit langt forskip og var på det breiaste lenger akter. Dette skapet gav skuta tilnamnet 'Mandolinen'. Dessutan: Med ei lengd på over 100 fot skal lengda på kjølen ha vore berre 46 fot. Under slippsetting skal verkstadfolk ha frykta at skuta kunne tippe forover.

I dei følgjande åra samarbeidde *Sælbarden* med eit par andre herøyskuter om fangst av levande moskus på Nordaust-Grønland for sal til europeiske dyrehagar. I påvente av sal vidare hadde dei dyr gåande på holmar i Herøy.


Rundt 1930 hadde Osvald Lillenes hand om skuta ei kortare tid. I den tida var *Sælbarden* på selfangst i Kvitsjøen og kom i klammeri med sovjetiske oppsynsskip i spørsmål om fangst innanfor konsesjonslinja.

Sælfangst og Havfiske i Ålesund overtok *Sælbarden* i 1932, då med fiskerimerket M 140 A. Dette var ei tid med minkande selbestand og meir pågåande sovjetisk handheving av konsesjongrensa. *Sælbarden* var ut over 1930-talet blant dei skutene som pendla fram og tilbake mellom Vestisen og Kvitsjøen for å finne fangst. I 1934 vart *Sælbarden* leigd av Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser og Arktisk Næringsdrift AS til den årlege avløysings- og forsyningsekspedisjonen til Nordaust-Grønland. Skipper på den turen var Peder Andresen.

Sælbarden forliste under selfangst i Kvitsjøen i 1937. Mannskapet vart tatt opp av andre skuter.

M. & L. COASTER II (1937) / **MINNA** (1943). Bygd av tre ved Smith & Rhuland i Lunenburg, Nova Scotia, og levert til tingar i 1937 med namnet *M. & L. Coaster II*. Dimensjonane var 96 ft/132 brt. Framdrifta var ein Fairbanks-Morse-motor på 150 hk.

Fartøyet kom i norsk eige i 1943 med namnet *Minna*. Karl Karlsen og Bernt Marø hadde mist ishavsskuta *Arktos* ved grunnstøyting ved Newfoundland i 1940. Dei to kjøpte det kanadiske fartøyet som erstatning for den tapte skuta. Dei hadde *Minna* i fraktfart til krigen



«Minna» i bøya ved Brandal. Foto frå Arne Ringstad.

slutta i 1945. Då kom dei heim til Sunnmøre med ei last mjøl – og med fleire herda ishavsveteranar som hadde tilbrakt alle krigsåra i Nord-Amerika.

I 1947 vart *Minna* overført til ishavsreiar Martin Karlsen i Brandal. Skuta fekk fiskerimerket M 47 HD. På 1950-talet var *Minna* med på fiske etter vintersild, med Ingolf Røren som skipper og Sverre Moldskred som notbas.

Første tida etter krigen var *Minna* brukt i transportteneste i samband med gjenreisninga i det nedbrende Finnmark og Nord-Troms.

Ingolf Røren var fast skipper på *Minna* i åra 1946-62. Somrane i det meste av den bolken var skuta i nærmast fast teneste for Norsk Polarinstitut på Svalbard og ved Jan Mayen. I så stor grad at både Røren og *Minna* har vorte geografiske namn på Svalbard: 'Minnaodden' og 'Rørenbukta'.

I 1951 fekk *Minna* ny motor, ein Crossley. Den motoren var det ein del problem med, og året etter vart det sett inn ein ny Crossley.

I 1960 var *Minna* gjennom ei omfattande oppgradering, med ishud og baugklavar, utstyrt for selfangst. Fram til då hadde *Minna* segla i sommarfart på Svalbard i halvtanna tiår, sjølv om skuta ikkje var isforsterka på linje med ishavsskutene. Etter oppgraderinga vart skuta overført til Karlsen Shipping Ltd. i Halifax. Der vart *Minna* sett inn i oljeleiting, skjellskraping,



«Minna». Foto frå Trygve Hellesøy

småkvalfangst og selfangst. Med det var skuta tilbake hos ein av dei første norske eigarane: Karl Karlsen.

Ingolf Røren gjorde teneste som skipper eit par år etter at *Minna* var ført tilbake til Karlsen i Halifax. Etter Røren var det framleis nordmenn som var skipperar på *Minna*, blant andre Laurits M. Brandal og Per Lyngvær frå Aukra.

I 1971 var *Minna* på ekspedisjon til Vest-Grønland, med Per Lyngvær som skipper. Skuta var ikkje så langt unna fiskerihamna Færingehavn då det oppstod brann i maskinrommet. Skuta vart så brannskadd at ho måtte kondemnerast. Vraket av den brannskadde skuta vart liggande i fjøra ikkje langt frå Færingehavn, uvisst kor lenge.

REFERANSAR:

Informantar: Alester Hansen; Kjell-G. Kjær; Ole-Chr. Røren; Tore W. Topp.

Litteratur:

Barr, S. 2003. *Norway – A Consistent Polar Nation?* Oslo. Kolofon AS.

Blom, I. 1973. *Kampen om Eirik Raudes land. Pressgruppetpolitikk i grønlandsspørsmålet 1921-1931.* Doktorgradsavhandling frå 1971. Bergen.

Claviez, W. 1990. *Sjøfartsleksikon – en maritim håndbok.* Oslo. Teknisk Forlag.

Dale, J. *Velferd på Vest-Grønland.* Furhaugen Forlag ved Jon Dale, Ålesund. (Utan årstal)

Ellefsen, E. S. og Berset, O. 1957. *Veslekari. En fortelling om is og menn.* Bergen. J. W. Eides Forlag.

Farstad, A. 2002. '»Faustina»-ekspedisjonen 1924. Første fiskebåt til Vest-Grønland'. Bergen. Farstad Media.

Hjelle, B. O. 2010. *Fiskebåtar frå Borgund, Sula og Ålesund 1920-2010.* Valderøy. Bjørn Owe Hjelle. (Utdrag frå boka på nettet).

Isachsen, G. og Isachsen, F. *Norske fangstmenns og fiskeres ferder til Grønland 1922-1931.* Norges Svalbard- og Ishavs-undersøkelser. Meddelelse nr 18.

Jacobsen, A. R. 2019. *Farlig Farvann. Hurtigruten i nord 1940-45.* Oslo. Alf R. Jacobsen og Vega Forlag AS.

Mikkelsen, P. S. 2001. *Nordøstgrønland 1908-60. Fangstmandsperioden.* Peter Schmidt Mikkelsen & Aschehoug.

Norwegian Polar Institute. 2003. *The Place Names of Svalbard.* Tromsø.

Ottesen, J. 2001. *Ishavsskuter III.* Ulsteinvik. Fotoarkivet.

Ottesen, J. 2007. *Skuter på selfangst.* Ulsteinvik. Fotoarkivet.

Topp, T. W. 2023. *Schjelderup Sælfangstrederi. En historie om risiko og pågangsmot.* Hamar. Polarekspedisjoner AS.

Vollan, O. 1951. *Ishavsfart.* Oslo. Alb. Cammermeyers Forlag.

Nettet:

Fiskeridirektøren: 'Register over merkepliktige norske fiskefarkoster'. Ei rekkje årgangar. Ishavsmuseet Aarvak. Skute katalog.

Krigsseilerregisteret.

Minnehallen.no

Wikipedia: 'Effie M. Morrissey'.

Den mest skjelsettande opplevinga i eit langt liv.

På mirakuløst vis bergar to menn livet. Elleve andre omkjem i det iskalde frodande havet.

50 år sidan «Lance II» katastrofen.

Av Johannes Bjarne Alme

Klokka 05:12 om morgonen måndag 11. februar 1974 kallar skipper Oddvar Simonsen på «Lance II» opp Vardø Radio og fortel at dei har grunnstøytt på veg frå Vadsø til Båtsfjord, i nærleiken av Makkaur. Han ber om at fartøy i nærleiken kjem til unnsetning.

Fleire snurparar set kursen i mot den litt unøyaktige posisjonen, mellom andre «Salarøy» frå Tromsø og «Artus» frå Herøy på Sunnmøre, samt redningsskøyta «Hjalmar Bjørge» som er stasjonert i Vardø.

Om bord «Lance II» har heile mannskapet med unntak av ein mann samla seg i styrehuset. Skuta har allereie fått hard medfart, hovudmotoren har stoppa, og det er berre naudlysa på batteri som fungera. Skuta kastar valdsamt på seg. Maskinassistent Roald Martinsen, fekk med at botnen på skuta nærast vart riven vekk under hovudmotoren då han kika ned i maskinrommet.

Ti minutt etter, er skipperen på ny i radioen og poengterer at her står det om liv. Bas Gudmund Skogvik sender opp fleire naudrakettar, som får båtane som kjem i mot på rett kurse rett. «Salarøy» slår då fast at «Lance II» ligg 7-8 nautiske mil (kvartmil) sør for Makkaur, ved Syltefjordstaurane.

Vinterloddefisket: Etter at det tradisjonelle vintersildfisket på Møre tok slutt sist på 60-talet, vart vinterloddefisket berginga for snurparane. Det var store kvanta med lodde som vart fiska, og sildoljefabrikkane heilt sør til Rogaland heldt hjula i gang med å male opp lodde. Det vart fiska



«Lance II», foto Yksnøy. Ishavsmuseet



Norgeskart, merka om lag der «Lance II» trefte land.

både med snurpenot og trål etter lodda den gongen.

«**Lance II**»: Kombinert ishavsskute og snurpar, bygd på Kaarbø i Harstad i 1966, forlenga i 1969. Sidan den var bygd som selfangar, var det ein sterkbygd båt. I 1974 hadde skuta desse måla: LOA 45,5 m, L_{PP} 40,14 m, B_{SPANT} 8,10 m, D_{RISS} 4,51 m. Motoren var ein MaK PÅ 1500 HK. Lastekapasiteten var knappa 4800 hl. Eigd av Enok Martinsen.

«**Artus**»: Bygd som kvalbåten D/S «Pol XV» i 1951. Seinare ombygd til linebåt med namnet «Severin Roald». Kjøpt til Herøy, bygd om til snurpar og fekk namnet «Artus» i 1971/72. Hadde då måla Lengde: 52,33m, Bredde: 9,05m og Djuptgåande: 4,29m. Hovudmotoren var ein MaK PÅ 1100 HK. Lastekapasiteten var kring 8300 hl. Eigd av Arthus K Sævik P/R.

«**Salarøy**»: Bygd i 1959, Lengde 124,6 fot – 38,0 meter. Bredde 7,35 meter og djuptgåande 3,62 meter. Hovudmotoren var ein Wichmann på 700 hk. Eigar var Ragnar Kvitberg m.fl.

Veret: Første del av sesongen har det vore mykje dårleg ver, og lite fiskeri. Fredag 8.februar forliser den store britiske trålaren

«Gaul» med 36 mann på Nordkappbanken i storm og tung sjø.

Syltefjordstauran er eit ugjestmildt fjellparti på om lag 3 kilometer. I sjøen framfor berget er der ein del grunnar og skjer. Namnet har kome frå dei karakteristiske vertikale staurane i fjellet. Syltefjordstauran er eit av Noregs største fuglefjell.

Det hadde vore mykje landligge første månaden for loddeflåten. Det var korkje ver eller noko særleg å fangste på. Men torsdag 7. februar gjorde «Lance II» eit bra kast, på om lag 2 800 hl med lodde. Dei er ikkje lasta, så dei held fram å leite. Dagen etter vert det meldt sterk storm og skipperen bestemmer seg for å melde inn, og går mot land. Dei vert dirigert til Vadsø for lossing. Etter lossinga, vert dei liggande i Vadsø før dei søndag vil gå til Båtsfjord som er nærmare fiskefeltet og vente på betre ver.

Skipperen har sagt avgang frå Vadsø tidleg kveld. Klokka 21 manglar framleis maskinsjefen. Dette var svært uvanleg, han var alltid til å stole på. Det endar med at politiet vert kontakta, frykta var at han hadde falle i sjøen. Klokka 22:15 kjem maskinsjefen. Berre broren, maskinassistent Roald, får vite at han har vore på eit religiøst møte. Så langt Roald visste, var dette heilt uvanleg.

Så snart maskina er i gang, kastar dei loss. Klokka er omlag 22:30 når «Lance II» går frå Vadsø med kurs for Båtsfjord. Det er det litt vind, snøbyer, men rolegare ver enn då dei kom inn før helga. Framleis er det noko tungsjø etter stormen, men ikkje noko som betyr noko for skuta.

Klokka to på natta er det vaktskifte på brua, skipperen går av og bestmannen kjem på. Det er mørkt med snøbyer, men bra sikt. I tretida passerer dei Vardø, no merkar dei meir til den tunge sjøen, men alt går sin vante gang.

Ein gong rundt klokka fem på morgonen sit maskinassistent Roald Martinsen i messa og tek seg ei skive og les avis. Då brakar det valdsamt, og han merkar at dei har gått på grunn. Har spring ut av messa og purrar alle mann i akterskipet. Basen – Gudmund Skogvik vaknar av braket og kjem seg ut av køya. I berre underbuksa kjem han på brua. Alle mann akter er no vakne, Gudmund Skogvik går attende på lugaren sin, kler på seg og tek på redningsvesten.

Maskinsjefen vil ned i maskinrommet, men maskinassistent Roald stoppar han. Han hadde sette at botnen var borte, så der var ikkje noko å gjer.

Etter kvart samlar alle seg på brua. Alle mann som budde framme, vakna av alarmen, dei kler seg og tek på redningsvest. Ein mann ser dei ikkje, dei ropar og bankar på døra, dei får heller ikkje opp døra. Dei håpar og konkluderer med at han må ha gått tidleg i messa. Når dei opnar døra under bakken fossar vatnet inn. Bårene slår over dekket og skuta hiv på seg i kvar dønning. Då sistemann skal springe over dekket, har ei antenne losna på styrehustaket og treff han i hovudet. Han får eit stort kutt. Kameratane tek han mellom seg og ber han på brua.

Den siste av karane som budde framme, kom aldri på brua. Dei frykta at han aldri kom seg ut frå lugaren, ev. at han kom seg ut på dekk og vart teken av sjøen og kasta over bord.

Det er mørkt, frå aust bles det ein sur vind og det er enkelt snøbyer.

Skipperen kallar på Vardø radio og fortel at dei har grunnstøytt. Bestmannen og utkiken har problem med å gjere grei for kvar dei er, dei peikar på kartet ein stad mellom Sandfjord og Makkaur. Skipperen formidlar dette.

«Lance II» har kome innføre dei første grunnane som bryt, og skuta ligg på bergnabba og vert kasta hit og dit av sjøen. Mannskapet skjønar at det vil ikkje gå så svært lang tid før skuta vil verte mala i stykke. Alle på brua med unntak av skipperen har på livbelte. Han fekk ikkje opp skapdøra på lugaren der beltet låg. På radioen høyrer dei at fleire båtar set kursen i mot dei. Bas Gudmund opnar vindauget og stikk handa ut og sender opp naudrakettar, for at andre fartøy skal kunne peile kvar «Lance II» ligg. Det vert då klart at dei ligg ved Syltefjordstauran. Fleire av karane som har kome akter, har lite kle på seg. Skipperen som har lugar akter for bestikken, går på lugaren og finn kle til dei som har lite.

Etter ei tid, går skipperen saman med to mann går på styrehustaket og vil prøve å løyse ut flåtane. Ein ide er å sette ein på båtdekk bak styrehuset og så vente til «Lance II» går ned. Ideen vart aldri prøvd, så snart flåtane har blese seg opp, slitnar lina i den eine i den urolege sjøen. Den andre vert punktert mellom sjøen og skuta. Medan karane held på med flåtane, tek bas Gudmund kontakt med Vardø radio, der han i klartekst ber om helikopterassistanse. «Her står det om liv», avsluttar han.

Lettbåten heng ikkje på plass i davitane. Seinare ser dei han høgt oppe i berget på land, det er vanskeleg å forstå korleis den har kome dit.

Klokka 06:10 får Hovudredningssentralen i Bodø oppdatert posisjon for «Lance II» frå «Salarøy».

Med unntak for den skada mannen som sit i bestikken, står dei øvrige samla i styrehuset. Det er vanskeleg å halde balansen slik tungsjøen stadig skyl over og kastar på farkosten. Etter kvart som sjøen arbeidar, legg den seg meir og



«Artus» – foto frå Sævikfamilien

meir over. Ute er det iskald og sur vind i frå aust, og snødrev i lufta. Det er tøft å stå slik å vente på hjelpa. I lyset frå naudrakettane hadde dei sett litt av landskapet, og dei veit at det kan vere vanskeleg for andre fartøy å kome inn til dei. I land såg dei loddrette Syltefjordstaurane slett ikkje ut som nokon stad for berging. Det er roleg i styrehuset, karane har god tru på berging.

«Salarøy kjem fram til havaristen klokka 06:25. Mannskapet ser at sjøen driv å mala «Lance II» i stykke. Dei ser også skjera og brota mellom seg sjølve og «Lance II». Det er mest som havaristen ligg i ei slags lagune, mellom skjera som bryt og bergveggen. «Salarøy» har ikkje redningsgevær om bord, men dei sjøset lett båten og bles opp ein flåte. Med hjelp av lett båten forsøker dei å styre flåten inn til havaristen. Lett båten er fast i «Salarøy» med ein vaier. Fleire av mannskapet på «Lance II» står klar på babord side av styrehuset for å få tak i flåten. Dei har meir enn nok med å halde seg faste i dei store brota som konstant slår over dei. Det vert ein skuffande forsøk, flåten punkterer i møtet med «Lance II» og revet. Det har vorte sagt at sidan vart det forsøkt det same med å bruke ei blåse i staden for redningsflåte, utan at det heller lukkast.

No har også sunnmørsbåten «Artus» kome fram. Dei har redningsgevær. Det er vanskeleg å sjå føre seg korleis ei redning via line skal gå til i desse forholda, men skipper Per Sævik og mannskapet gjer alt dei kan for å berge folka. Dei set lett båten på sjøen, med to mann, basen Magne Sævik og fiskar Hilmar Leine. Dei går så nær som råd er før sei skyt lina over. Fleire av mannskapet på «Lance II» er på styrehustaket og klare til å ta i mot. Lina treff som ønska over styrehustaket. I mørket og snøkave er det vanskeleg å sjå lina, og før nokon får fatt i den, kastar sjøen «Lance II» slik at lina forsvinn utanfor rekkevidde.

Både «Artus» og «Salarøy» slepp ut olje for å roe den urolege sjøen.

I 7- tida på morgonen kjem redningsskøyta «Hjalmar Bjørge». Den også går så nær inntil som råd, og nye liner vert skote over, men dei tunge dønningane kastar ustanselig på «Lance II» og inga line vert fanga. Det er fire slitne karar om bord «Lance II» som må gi opp dette håpet og gå attende til styrehuset.

«Artus», «Salarøy» og «Hjalmar Bjørge» ligg eit steinkast, kanskje så nært som 50-60 meter unna. Dei har forsøkt på alle tenkelege måtar å

få over ei line til havaristen, utan å lykkast. Gjennom lyset frå lyskastarane ser dei folka i snødrevet obord havaristen. Dei kjenner alle på maktesløyse og stor fortvilning. Håpet er at helikopteret kjem fram før skuta vert mala sund i brota.

«Lance II» vert sakte men sikkert malt sund, og legg seg meir og meir vekk. I styrehuset vert det trongare og trongare, eine døra vert skyld vekk. Det kjem meir og meir vatn inn på sida. Skuta kastar valdsamt på seg og ein mann vert hardt skada i brystet då han vert slengt mot det store rattet. Han vert plassert i bestikken saman med den andre skada. Skipperen er saman med dei. Heilt tida sidan grunnstøytinga har mannskapet vore rolege, det er ingen teikn til panikk.

Etter kvart som skuta vert riven sund og legg seg meir og meir vekk, kjenner Gudmund Skogvik seg ikkje trygg på brua. Han er redd for at dei alle skal drukne der dei står. Håpet er berging med helikopter, men det tek si tid. Han oppfordrar dei andre om å vere med på styrehustaket. Fem mann vert med, sidan kjem truleg tre til. Dei to skada saman med skipperen er attende i bestikken. På styrehustaket vurder Gudmund situasjonen for skroget til «Lance II» som kritisk, og kjenner at det er på tide å gå frå borde. Han ser seg rundt i lyset frå lyskastarane frå dei andre fartøya. Dei bratte Syltefjordsstaurane går nesten loddrett i havet, ja dei er skremmande når bårane slå i mot. Så tenker han på det iskalde sjøvatnet og han registrer at den store nota ligg i havet bak skuta.

Likevel ser han sjøen som berginga. Når skuta legg seg over, ser han at det er berre nokre få meter ned til land frå aktermastra. Så om han klatrar opp og slepp seg, så kan det vere ein sjanse til berging. Han klatrar opp, men ser at der han ev. vil lande, er det ulent og glatt, så han vurderer det for farleg å forsøke det.

Usikkerheita med å vere om bord, gjer at han likevel bestemmer seg for å kaste seg på havet når båra kjem, han gjer det. I det han møter havet forsvinn redningsvesten over hovudet på han. Bårane kastar han vidare og han endar på ei

berghylle og karar seg vidare opp i trygghet. Då snur han seg i mot dei andre og gjer teikn til at dette gjekk bra og dei må berre forsøke.

Maskinassistent Roald ser han og vil følgje eksempelet, og kastar seg på båra. Han er redd for å verte fast i nota, så han tek ein kniv mellom tennene om han skulle verte fast. Han får retteleg med juling i sjøen, men kjem til seg sjølv så og seie naken på ei berghylle. Han snur seg og ser etter dei andre. Han ser fire mann på båtdekket, tre av dei klamrar seg til radarmasta, medan den fjerde går mot rekka. Roald snur seg så og klivrar vidare opp til Gudmund og sikkerheit.

Dei to karane snur seg og ser mot kameratane på båtdekket. Då er det som om heile skuta berre smuldrar bort. Først forsvinn forskipet, masta med tønna kjem susande, og snart forsvinn resten av skuta med styrehuset og skipskameratane i eit einaste inferno av sjø og råk.

«Artus» ligg framleis så nær som råd er. Dei ser først at skroget til «Lance II» brotnar framfor styrehuset og masta med tønna fell akterover. Like etter er det som om akterskipet med styrehuset, aktermasta og dei attverande om bord forsvinn frå havets overflate i eit einaste råk. Der dei for kort tid sidan såg folk, er det no berre eit inferno av vrak og sjøsprøyt.

Frå dei bratte Syltefjordsstaurane har dei to overlevande med vantru registrert det som hendte. Sjølve er dei iskalde, den kalde austanvinden formeleg syg varmen ut av dei delvis nakne kroppane. Dei held seg i bevegelse og ventar på at helikopteret skal kome. Roald er så å seie naken, og han har fått hardast medfart på turen i sjøen, Gudmund masserer han for at han skal halde litt på varmen. Det går omlag ein halv time før dei høyrer helikopteret. Bergingsmannen vert raskt fira ned til dei, og dei vert heisa opp i helikopteret.

Helikopteret søker så ut over havet og ser to mann i sjøen. Redningsmannen går ned, og begge to vert henta opp. Dessverre er begge

døde. Så set helikopteret kursen sett i mot Vardø for å få dei to overlevande på sjukehus.

Klokka 08:10 vert ein omkomen plukka opp av fiskebåten «Geir Johansen». Ytterlegare ein omkomen vert sidan funnen og plukka opp av redningshelikopteret.

Av mannskapet på 13, berga to mann livet. Fire vart funne omkomne. Dei andre sju fekk ei våt grav. (Fleire månadar etter vart det funne beinrestar. Dei etterlatne som vart kontakta av politiet følte det var ei stor ekstra belastning å verte kontakte lenge etter forliset med spørsmål om støvelmerke og skostørrelsar til deira kjære.)

Roald Martinsen og Gudmund Skogvik berga livet.

Dei som omkom var: Oddvar Simonsen, Ingemar Nilsson, Ernst Martinsen, Jan Valter Jensen, Kjell Fosshaug, Rudolf Mikkelsen, Kastor Johnsen, Karstein Andreassen, Knut Thomassen, Helge Hanssen og Oddmund Johnsen.

Kva var årsaka til grunnstøytinga og forliset? Sjøforklaringa der dei to overlevande gav sine forklaringar, gav ikkje noko godt svar på kvifor «Lance II» forliste. Maskinassistent Roald peika på at vakthavande truleg ikkje var på brua når skuta grunnstøyte, sidan han ikkje visste kvar dei var. Utkiken var ein førstereis på 17 år, han var ikkje å klandre. Trass mørke og snøbyer meinte vitnet at det villa vore mogleg å sjå brota før ein gjekk på grunn.

Bas Gudmund fortalte at på tur inn til Vadsø tre dagar tidlegare hadde autopiloten slått seg ut, noko som aldri hadde skjedd tidlegare. Autopiloten vart undersøkt, utan at ein fant nokon feil. Dette kunna skjedd igjen. Dersom dette hadde skjedd og skuta hadde kome ut at kurs ville den gitt alarm og det burda vorte oppdaga.

Det kan og tenkast at det var menneskeleg svikt.

Februar 1974 var i redningshelikoptera i Noreg si tidlege tid. Helikopteret i Finnmark var stasjonert på Banak, som er langt inne i



*Minnestøtta ved Gratangen Kirke - Årsatein.
Foto Idar Eklund.*

Finnmark, ikkje ute med kysten. Responstida var ein time, altså skulle helikopteret vere i lufta innan ein time etter alarmen gjekk. Kravet til responstid for redningshelikoptera i dag (2024) er 15 minutt.

Vidare var det uver og dårleg sikt, så helikopteret kunne ikkje flyge kortaste vegen, men måtte gå langs kysten. Det tek altså knappe to timar frå helikopteralarmen gjekk til det var framme i posisjonen til havaristen. Bas Gudmund var i sjøforklaringa kritisk til plasseringa av helikopteret, særskild i månadane Finnmarkskysten var full av loddessnurparar.

I media går også innbyggjarane i Syltefjorden og det vesle fiskeværet Nordfjord ut med kritikk av redningsleiinga sidan folka i Nordfjord ikkje vart varsla. Folk frå Nordfjord villa kunne vore på plass på land ved «Lance II» i løpet av ein halv time. Det vert forklara med misforståing mellom Hovudredningssentralen som koordinerte hjelpa på sjø og i lufta, og politimeisteren som skulle koordinere på landsida. (Det vart skulda på ein nyinnsett



Foto Hagbart Nilsen

Politimeister som ikkje kjente til tilgjengelege resursar.) Innbyggjarane i fiskeværet poengterte at dei ikkje kunne seie at fleire ville vorte berga, men med folk i fjøra med line som vart kasta om bord «Lance II», så var det mogleg at fleire kunna vorte berga.

I eit avisinnlegg, med adresse til sjøfartsstyresmaktene, fortalte Gudmund Skogvik at når han hoppa i havet, så glei redningsvesten over hovudet og av han. Redningsvesten hadde ikkje stroppar til å ha mellom beina, og i det kalde veret var det ei utfordring for Gudmund å klare å stramme dei glatte nylonstroppene godt nok. Gudmund ber

om at understropper vert påbode. Via via får Gudmund til svar at stropper under livet ville kunne gjere folk som hoppa i havet steril. Lakonisk kommenterte Gudmund om dei meinte det var verre å vere død enn steril....

Betre vert det ikkje for Gudmund i 1999. Han ser på nyheitene hurtigbåten «Sleipner» forlise, og 11 personar omkjem. På fjernsynet ser han at «Sleipner» hadde same redningsvestane som «Lance II» hadde 25 år tidlegare.

I dag (2024) er det stroppar under livet på redningsvestane.

I boka «Kald morgon» vert det skipper Per Sævik og bestmann Kåre Sævik på «Artus», sitert på at «Lance II» hadde maksimal uflaks. Hadde skuta treft land 50 – 100 meter lenger mot styrbord, villa dei gått opp på det som såg ut som ei sandstrand. Hadde treft tilsvarande til babord, hadde dei gått klar Syltefjordstaurane.

Nærmare 50 år etter den dramatiske morgonen på Finnmarkskysten hadde eg ein samtale med skipper Per Sævik på «Artus» om hendinga.

Sidan den gongen har Per vore fiskebåtreiar, starta tre offshorereiarlag. Han har vore ordførar og sete på Stortinget for KrF. Vidare leia både Fiskebåtreiarane og Rederiforbundet, og sist, og ikkje minst, starta Havila Kystruten. I 2012 var han utnemnt til riddar av St. Olavs Orden for hans innsats for skipsfartsnæringa.

Per fortalte roleg og detaljert om den morgonen. «Artus» kom også frå Vadsø og hadde nesten fram til Båtsfjord når naudmeldinga kom. Per hadde hatt frivakt om natta. «Artus» snudde med ein gong og sette full fart mot Makkaur og Syltefjordstaurane.

Per prata fleire gongar med «Lance II» på turen, og i førstninga verka dei så rolege at han skjønte kanskje ikkje heilt alvor. Etter kvart vart det fleire gongar poengtert at her sto det om liv.

Det var mørkt då dei kom fram, så dei brukte lyskastaren. Dei såg «Lance II» ligge heilt opp i fjøra med akterenden mot land. «Artus» vurderte det som uråd å kome heilt inn til skuta



Per Sævik -foto Havila

i fjøra, dei pumpa ut olje for å roe sjøen. Lettbåten med to mann vart sett ut. Denne gjekk så nært som råd og skaut over ei line som gjekk over styrehustaket. I lysa frå lyskastaren såg dei folka i bakmastra kome ned og forsøkte å knipe lina, men vraket kasta slik på seg at dei klarte det ikkje før lina forsvann.

«Sjølv om karane om bord «Lance II» hadde klart å få tak i lina, er det slett ikkje sikkert vi hadde klart å berga dei. Det var tung sjø og som braut på fleire plassar, så det hadde vorte tøft å få nokon gjennom havet i live.

Ei stund etter såg vi at to mann hadde kome opp i land, men omtrent samstundes brotna skuta framfor styrehuset, og heile skuta gjekk under på eit augneblink.

Det tok enda ei tid før helikopteret frå Banak kom. Då såg vi at dei to i land raskt vart plukka opp.

Det var tøft å ligge så nær og same korleis vi forsøkte så var vi makteslause, vi klarte ikkje å berge folka trass vi vi var så nære.

Vi gjekk i området utover formiddagen og leita etter overlevande og omkomne» fortalte Per Sævik.

Avslutninga på samtalen med Per Sævik var slik:

«Etter eit langt og innhaldsrikt liv på sjø og land, er dette den mest skjelsettande opplevinga som sit fremst i hjerneborken».

Kjelder:

Sjøforklaringa etter forliset til Lance II

Boka «Kald Morgon» - Layton / Sætra

Avisene Bladet Tromsø, Finnmark Dagblad, Harstad Tidene

Samtaler og epost med Idar Eklund

Samtale med skipper Per Sævik om bord «Havila Castor» 02.06.2022, samt epostar seinare.

SMS og samtale med Øyvind Sævik. Om bord «Artus» på veg til jobben som maskinsjef på «Geitung».

Samtaler og epost Anton Sævik

På forsøksfangst etter Crabeater-sel i Weddelhavet med m/s "Polarhav" i 1964

Av skipper Sigmund Bøe

Vi hadde gjort vår årlege fangsttur til Newfoundlandsfeltet med svært godt resultat. Vi hadde med helikopter på denne turen, og det var til god hjelp under fangstinga. Reiarane våre, Rieber og Karlsen, hadde ei tid arbeidd med planer om ein prøvetur til Antarktis for å undersøke om det var mogeleg å drive selfangst der på lønsam basis. No tok dei dette opp att for alvor, men dei møtte lite samarbeidsvilje frå dei ymse autoritetar. Der var vel litt storpolitikk inne i bildet, då Norge hadde vore med og sett opp traktatar og avtalar vedrørande utnytting av naturressursar i Antarktis, og stort sett var det forbod mot all næringsverksemd i sjølve Antarktis.

Det som vi var ute etter, var å finne ut om der var drivverdige samlingar av Crabeater-sel, særleg var det kastestader og ungane vi var interessert i. Denne selarten heldt seg ute i drivisen, oftast i oppbroten is ut mot kanten av isbeltet i motsetnad til andre selartar, som alle heldt seg nær eller på land. Vi fekk løyve til å fange Crabeaters ute i drivisen, men noko slag tilskot til prøvedrift, som det vart søkt om, fekk vi ikkje, det vart blankt avslag. Heller ikkje kunne vi kome inn under minstelottordninga, so alt vart heilt og fullt reiarlaget sitt ansvar og risiko.

- På denne tid hadde Norge slutta å drive kvalfangst i Antarktis, det var berre Japan som framleis dreiv på med fangst, både frå kokeri og frå landstasjon på Syd-Georgia. Vi visste ikkje so mykje om dette, og vi rekna med at på denne tid av året ville vi vere åleine båt innafor eit område på tusenvis av mil. Derfor førebudde vi oss so godt vi kunne på alle tenkelege vis med tanke på kva som evt. kunne møte oss på turen. Eg for min del studerte og las gjennom alt som var tilgjengeleg av opplysningar om ver- og isforhold og om dyreliv i sjøen og på isen og på



«Polarhav» ved Newfoundland 1964 med helikopter på akterdekk. Foto frå Bjarne Harald Brobakk.

land. Det var ikkje so mange stader ein kunne finne slike opplysningar når alt kom til alt. Mest fann eg i British Admiralty "Antarctic Pilot" og dessutan hadde eg eit hydrografisk atlas frå U.S Hydrographic Office som eg hadde fått av ein amerikansk offiser som hadde vore med som observatør på ein tidlegare tur. Det gav nok det nyaste og beste som fanst av opplysning om is, ver, havstraumar og andre forhold til dei forskjellige årstider. Vi hadde før vore tre turar til Antarktis og brote oss gjennom pakkisen inn til land, men det var om sommaren i desember-januar.

No var det vinter eller tidleg vår der i syd, so vi rekna med barskare ver- og isforhold og lavare temperaturar. - Eg hadde bedt om å få ny radar til turen, og det var for so vidt innvilga, men so vart det bestemt at den gamle RCA-radaren skulle få ei grundig fabrikkoverhaling i staden, og det vart gjort. Ein teknikar vart til slutt med på turen frå Ålesund til Bergen for å finjustere den og den verka svært fint, men det var likevel ein tre-cm billeg type som vi var lite nøgde med når det var dårleg ver i isfarvatn.



«Polarhav» Newfoundland 1964. Foto frå Sigmund Bøe

I Bergen tok vi ombord helikopter med flygar og mekanikar, og dessutan marinbiolog Torgeir Ørritsland, som skulle vere med og granske dyrelivet i isen.

Det var ordna slik at vi skulle få komplettere med bunkers og proviant i Montevideo, og ei siste etterfylling av bunkers i Port Stanley på Falklandsøyane. Der skulle vi og montere opp helikopteret på plattformen og prøvekøyre det.

Vi gjekk frå Bergen 18. juli og kom til Montevideo 12. august. Alt etter kort tid i sjøen fekk vi trøbbel med radaren. I Montevideo fekk vi tak i ein fagmann, ein tysker som hadde jobba på RCA-fabrikken i USA, men han klarte ikkje å finne feilen, so vi måtte gå utan å få den i orden. Den var ikkje heilt ubrukbar, men verka ikkje på korte avstandar.

Vi fekk ny forsyning med bunkers og proviant. Stueren vår fekk hjerteinfarkt i sjøen og vart no innlagt på sykehus, og seinare heimsend. Kokken tok over som stuert. Ein motormann

rømde frå båten og kom ikkje ombord att. Han vart og heimsend seinare. Vi gjekk til sjøs att 16. august. Til Port Stanley kom vi 20. august, og gjekk derifrå den 22de. Medan vi låg der, monterte vi opp helikopteret og fekk det plassert bak på plattformen, og det vart gjort fleire prøveturar. Alt verka fint. Vi fekk toppa bunkerstankane før vi gjekk ut. Avtalte med Falkland Radio om utveksling av vermeldingar.

25. august kom vi i is. Veret var fint og temperaturen litt under null. Posisjon S.5920 V.5311.

Frå no av låg vi på leiting kvar enda dag frå morgon til kveld so sant veret var til det. Det galdt fyrst og fremst å finne sel, men like viktig var det å finne is som vi kunne tenke oss at selen ville ta god nok til kaste plass for ungane. Vi kunne berre samanlikne med isforhold slik det var på Newfoundlandsfeltet og selen sine vanar der, men Crabeateren sine vanar visste vi ingenting om.

Vi visste at der hadde vore drive selfangst i stor stil i Antarktis på 1800-talet, men det var fyrst og fremst pelselen dei då var ute etter, og den

vart so hardt beskatta at den praktisk talt var utrydda. No var stamma likevel i vekst att etter å ha vore totalfreda i lange tider. Der hadde vore fanga sjøelefant og, men den var vel litt mindre ettertrakta, då berre spekket hadde verdi. For baa disse artene foregjeikk fangsten på strendene på øyane.

Om fangst av Crabeaters i pakkisen fann vi ingen meldingar eller opplysningar. Kanskje kunne det tyde på at den ikkje hadde for vane å samle seg i store flokkar? Dette kunne for so vidt stemme med det vi før hadde sett på våre turar gjennom pakkisen. Der kunne vere ein heil del sel spreidd utover isen, men aldri nokon samling.

Når vi no tok til med leiting, fann vi fort ut at der var ikkje so lite sel tilstades i isen. På godeversdagar kunne der legge seg opp nokså mange, men aldri i samla flokk. Av hoselar som vi skaut som hadde unge i seg såg vi at det enno var for tidleg for kasting. Vi hadde fått opplyst at kastetida ville vere ca. i månadsiftet august/september, men vi kunne nokså fort slå fast at dette var omlag ein måned for tidleg.

Vi arbeidde oss fyrst innover i sydleg retning, tenkte vi skulle undersøkje i fastare og solidare is. Vi pressa oss ca. 60 mil inn gjennom baksen, og etter kvart gjekk det over til svær, fleirårig Weddelhavis, som vi fann det rettast berre å kome oss ut av, det var og merkbart at det vart meir og meir livlaust til lenger inn vi kom, til slutt såg vi ikkje att eit einaste dyr. Vi måtte heile tida ha i tankane at vi ikkje skulle ta unødige sjansar, då vi var heilt aleine i eit område på fleire tusen mil.

Etter det eg hadde lese og funne ut om Weddelhavet, so er det eit hav ein bør ha all muleg respekt for. Det er eit område med svær is, ustabile straumsetningar og dertil mykje dårleg ver. Ein kan verte liggande i ei bakevje der isen knapt rører seg i vikevis, men like gjerne kan ein kome inn i eit straumområde som set den svære isen i fart, so den knuser alt som kjem i vegen.

Vi snudde nordover mot iskanten, og so snart vi tok til å merke svak dønning, so var der og sel



Skipper og artikkelforfattar Sigmund Bø på brua. Foto frå Sigmund Bø

att. Etter nokre streiftokt i aust og vest fann vi at eit område nord-ost av South Orkneys såg mest lovande ut, og vi heldt oss då for det meste der omkring, men tok ellers avstikkarar både i aust og vest for å fylgje med om der vart endringar.

I midten av september gjorde vi ei nokså lang runde vestover, tenkte vi skulle sjå korleis isforholda var når vi kom forbi Elephant Island opp for nordenden av Palmers Peninsula. Det synt seg at her var for det meste stor, stygg is og at den stadige vestavinden heldt den tettpakka med strak kant. Der var heller ikkje sel å sjå, til lenger vest vi kom til meir livlaust vart der, so vi snudde tilbake til området vi hadde kryssa i før.

Den fyrste tida var det vinterver, frå 5-6 til 12-14 kulde- grader og vekslende vindforhold, men vindretninga heldt seg nokso stødig omkring vestnordvest jamnt over med kulings styrke. Etter kvart vart det mildare ver med temperaturar litt under og litt over null. Det var mykje nedbør, regn, sludd og snø, jamnt over dårleg sikt. For helikopterflyging var det so

ulagleg som det kunne vere. Berre nokre få dagar var det so pass sikt at det var brukbart. Dei gongane helikopteret var ute såg dei nok litt sel, men aldri samla i flokkar.

Framover mot månadskiftet september/oktober vart veret heller dårlegare, mykje nedbør med dårleg sikt, vinden stadig frå vestleg kant, oftast av kulings styrke, av og til storm.

Vi meinte å forstå at kastesesongen for selen no ikkje var langt unna. Hoselane vi skaut hadde fått mjølk, og ungane var sovidt vi kunne sjå fullt utvikla, so vi meinte kastinga kunne ta til når som helst. Omkring månadskiftet byrja den svære isbaksen som vi hadde arbeitt i å drive til havs og gå i oppløysing på grunn av den sterke langvarige vestavinden. Der som vi hadde vona at selen skulle finne lagleg is til kasting, var der snart ikkje brukbar is att, og vi måtte dra på leiting etter nye felt med brukbar is. Det synt seg å ikkje vere so lett å finne. Vi gjekk sørover mot isbaksen, men over alt møtte vi tettpakka stor, stygg is med mykje sørpe mellom. Vi gjekk vestover langs kanten, tenkte vi kanskje kunne finne betre is om vi kom litt i le av øyane nord for Palmers Peninsula. Det bles kuling heile tida og utfor kanten var det mengder av store blåisar og små isfjell, som det var svært vanskeleg å sjå og halde seg klar av om natta.

11. oktober bles det sterk kuling og der var fullt opp av småfjell og storisar over alt. Vi kika om vi kunne finne eit godt sørpebelte i kanten, so vi kunne smette oss inn og ligge stille om natta. Vi fann ein stad som såg bra ut og gjekk litt innfor kanten og la stilt, men med maskina igang. Her låg vi roleg og godt, kom vi for nær ein storis, so gjekk vi berre unna litt og stoppa att. Det var svær dønning i kanten.

Kl. 05 den 12te gjekk vi litt vekk frå ein blåis som kom vel nær. Kl. 0630 gjekk eg i tønna for å gå ut av isen og fortsette vestover. Det heldt no på og lysne av dag og eg såg straks at iskanten var lenger vekk enn den hadde vore om kvelden. Dønningen hadde likevel vakse på og gjekk svært tung. Eg ga full fart, men skuta låg dønn fast, seig ikkje fram i det heile teke. Med den

svære dønningen som gjekk kunne eg knapt tru det.

Dette var forsovidt ein situasjon vi var vel kjent med frå isen ved Labrador. Når der var tett, strak kant, hende det ofte at vi gjekk inn og la oss i ein sørpekant for å få det roleg, men av erfaring visste vi at ein lett kunne verte lurt og bli liggande fast om ein ikkje passa nøye på. Vi gjekk aldri lenger inn enn at vi hadde god dønning, og det var fast regel at ein snudde skuta mot dønningen og kanten. Merka ein då at dønningen tok til å minke av, so gjekk ein straks ut mot kanten, enten heilt ut eller til ein fekk god dønning att.

Det som hende her var igrunnen heilt uforklarleg. Sjølv om vinden var kraftig, so stod den ikkje rett mot iskanten, men halvt langs kanten. Heller ikkje var der land i le som heldt imot ispresset. At den småmalne isen og sørpa kunne verte so tettpakka at vi ikkje klarte å røre på oss so mykje som ein tomme når dønningen gjekk so kraftig, ja det var rett og slett heilt utruleg. Dønningen berre auka på og presset vart hardare og hardare.

Etter kvart vart skuta liggande på tvers av dønningen og på kvar dønning vart ho slengt (pressa) 10-15 meter sidevegs gjennom isen utan at ein derfor kunne sjå det minste tekn til blåstriper i sørpa på nokor side. Det var voldsom påkjenning på skroget, men eg var ikkje so redd for det, det var som vanleg i slike høve ror og propell vi var mest redd for. Vi heldt propellen gåande for å prøve å halde isen litt vekk frå roret, men det nytta ikkje. Isen var so hardt pakka at sjølv på full fart såg vi ikkje minste antydning til propellvatn. Roret vart pressa frå borde til borde kvar gong skuta vart slengt sidevegs i isen, sikkerheitsventilen på styremaskina hylte som ein stukken gris. Ein gong fekk vi eit lite blåflak under hekken som låg og daska mot roret, og no såg det skikkeleg vonlaust ut, men vi fekk sprengt det i småbitar med dynamitt til slutt.

Når dønningane song til som verst hende det at dørkplatene i maskinrommet spratt opp og dekk

og dekkobjelkar fjøra so det var lett synleg. Påkjenninga var kolossal, men det var likevel ikkje det vi var redd for, vi visste at skuta var solid. Men rett i le av oss og heilt nær låg der eit lite isfjell som sakte, men sikkert nærma seg etter kvart som isen pakka seg endå meir. Kor vi peilte og sikta so ville ikkje retninga forandre seg, og det var berre eit spørsmål om kort tid før vi ville få det rett inn i sida dersom tilhøva ikkje endra seg. Når det skjedde ville skuta vere ferdig i løpet av minuttar, det var der ingen tvil om.

13. oktober var situasjonen svært prekær heile døgnet. Om natta auka vinden på til sterk storm frå V N V, og dønningen fekk ei voldsom kraft. Skuta fekk ei juling som ikkje let seg beskrive. To gonger fekk vi med store vanskar sprengt sund flak som daska under styrbords låring og truga ror og propell. Isfjellet i le åt seg stadig nærmare, men det gjekk ikkje fort, avstanden var no ca. 20 meter når skuta song til på dønningane. Det var heilt klart at dersom ikkje veret endra seg til det betre med det aller fyrste, so ville vi aldri få med oss skuta ut herfrå. På morgonsida vart alle mann purra for å gjere seg klar til å gå på isen om nødvendig. Utetter dagen gjorde vi klart alt vi kunne tenkje oss av overlevingsutstyr.

To fangstbåtar vart gjort klar so dei kunne lårast på eit øyeblikks varsel. Det var ikkje mange flate solide flak å finne, då nesten all is var malen opp til sørpe og knulter, men vi var heldige og fann eit nokso stort og solid flak ca. 100 meter frå skuta, og dette rekna vi med å bruke som landingsplass for helikopteret. Dit jolla vi 8 fat flybensin og diverse anna utstyr, og helikopteret stod oppvarma og startklar på plattformen. Vi var 25-30 mil av næraste land på South Orkneys, og vi vona at vi skulle kunne ta oss inn dit med helikopteret om skuta gjekk ned. I Antarctic Pilot fann vi opplyst at der var ein nedlagt meteorologisk stasjon der og at der skulle vere eit nøddepot der, so vi kunne berre vone at det heldt stikk, for det var visst av gamal dato.

For meg var denne dagen det verste dilemma nokon sinne i mine 25-30 år som skipper. Spørsmålet var om eg skulle slå alarm og prøve

å tilkalle hjelp medan vi hadde mulegheit for radio-kontakt. Eg skjønnte at slik tilhøva var no, so ville alt ombord vere ute av funksjon so snart vi kom i direkte berøring med isfjellet, so då ville det vere for seint. På same vis med helikopteret, det stod startklart på plattformen, og vi måtte passe på å få det vekk før vi kom i kontakt med isfjellet, for då ville det bli slengt veggimellom. Heller ikkje måtte vi ta av for tidleg, for det var sterkt avhengig av straumkjelda ombord i båten. Var det fyrst kome på isen, so måtte det haldast gåande, slik at det ikkje vart kaldt. Vi konfererte med flygar og mekanikar, og dei meinte transporten tillands skulle gå fint.

Eg var likevel noko uroleg, so mangt kunne skje undervegs, ein måtte flyge 9-10 turar for å få med alle tillands, det var spørsmål om sikt, der kunne oppstå tekniske vanskar, når skuta var vekk hadde ein ikkje so mykje å hjelpe seg med i so fall. Noko anna eg tenkte på var drifta av isen. Til mi store undring hadde det vore svært lite drift i isen disse dagane vi hadde lege fast, med den sterke vinden vi hadde er det vanskeleg å forstå kvifor. Det eg no var redd for var at isen skulle kome i normal drift og då kunne avstanden til lands snart verte både dubla og tredubla. Alt dette var imidlertid slikt vi ikkje kunne gjere noko med, det måtte berre stå si prøve.

Vi hadde dagleg radiosamband med Falkland Radio for utveksling av verrapportar, det hadde vi denne dagen og, og no fekk eg stasjonssjefen på telefonen og sette han nøyje inn i vår tvil-somme situasjon. Eg sa rett ut at eg hadde svært lite tru på at vi berga skuta, eg forklarte han nøyje om våre evakueringsplanar, eg bad han undersøke på ein diskret måte om der var andre farty i dette området, men for all del ikkje la noko kome ut offentleg om situasjonen før han evt. mista all kontakt med oss.

- Eg visste berre altfor godt kva røre det ville verte om aviser og radio fekk snusen i tilstanden, men på same tid måtte ein fyrst og fremst ta omsyn til best mogeleg sikring av mannskapet på 25 mann.



«Polarhav». Foto Edvart Hole

Vi hadde og kontakt på mellombølge med verstasjonen på Signy Island, omlag 50 mil i NV av oss. Denne stasjonen vona vi kanskje å kunne nå på livbåtradioen om nødvendig. - Falkland Radio kom inn seinare og kunne fortelje at der låg 12 japanske kvalbåtar sjøklar på Syd Georgia, alle 16 knops båtar, det var då ei gledeleg melding for oss.

Utetter kvelden og natta løya vinden litt og dønningen la seg og litt. Avstanden til isfjellet heldt seg konstant, og ut på natta klarte vi å baue ei skutelengd framover so vi fekk litt større avstand til fjellet. - Utetter dagen den 14de auka dønningen på att noko, og vi låg dønn fast att.

Den 15de kom vi 5-6 skutelengder fram, og vi rekna no med at vi skulle kome oss ut av klemma. - I dagane framover baua vi alt vi kunne mot kanten, men det var lite vi kom fram. Isen i kanten vart stadig omstokka, stundom var kanten so nær som 2 mil, til andre tider var den 4-5 mil vekk.

Den 17de flaug helikopteret ei runde på vel 100 mil. Såg berre stor, stygg is og nokre enkle selar her og der ut mot iskanten. Der var ingen ungar å sjå.

Den 18de oppdaga vi at roret hadde fått skade, rorstammen var sannsynlegvis noko vridd, kanskje omkring 10 grader.

Den 22de klarte vi endeleg å slå oss gjennom til ope vatn.

Eg hadde fundert nokso mykje over kva som kunne vere årsak til den issituasjonen vi hadde hatt i denne tida vi hadde lege fast. Vi var ikkje uvante med tettpakka sørpekantar frå Newfoundlandfeltet når det var mykje nordostleg vind, men noko som kom halvvegs opp mot dette hadde vi aldri sett. Berre ein gong hadde vi hatt noko som likna, men på langt nær so hardt. Det var på fyrste turen med "Polarhav", vi låg i fangst utfor Labradorkysten ca. 30 mil av land då vi fekk ein kraftig nordoststorm. Isen kom på drift sørover, og den isen vi låg i vart pressa ned mellom Belle Isle og Labradorlandet. Det var svær dønning, og der vart eit voldsomt press på isen, som vart malen opp til sørpe og knulter med ein og annen blåisen innimellom. Då hende det og at vi vart liggande dønn fast, sjølv om dønningen var kraftig. Det var likevel ikkje halvt so hardt som det vi her hadde fått prøve. Det var vanskeleg å forstå kvifor isen kunne pakke seg so utruleg tett her som det ikkje var land som heldt imot. Einaste forklaringa eg kan finne er at der måtte vere ein kraftig straum som sette opp mot vindretninga, og det kan vel for so vidt stemme med det at vi forandra svært lite posisjon i den tida vi låg fast. Men so var det det at vinden i grunnen ikkje stod mot iskanten, men helst skrått langs kanten, og på syd breidde skulle isen drive 30- 40 grader til venstre for vindretninga, som var vest og VNV heile tida. Det skulle tilseie isdrift i nordost eller ostnordostleg retning som skulle ta isen ut til havs meir eller mindre.

Ein annan ting er at etter dei opplysningane vi hadde frå atlaset frå Hydrographic Office so skulle straumen her i området gå i nordostleg retning og dermed gi isdrift i endå meir nordleg retning. Basert på observasjonar frå ei rekkje observasjonspunkt nett her i vårt område, so skulle straumen gå i nordostleg retning med 0.4-0,5 knops fart.

Berre eitt er sikkert: Weddelhavet er eit lunefullt hav som ein til kvar tid kan vente det verste av,

mange har vorte lurte før der, og ikkje alle har kome so vel frå det som vi gjorde kor som er.

I dagane som no kom gjekk vi langs kanten og leita etter sel og brukbar is. Det såg nokso vonlaust ut. For det maste var kanten so tettpakka at vi ikkje kom meir enn nokre få skutelengder inn. Andre stader var der rive ut oddar, men der var det berre stor, stygg, avvaska is, ofte slakk og utoverreven. Sel var det lite vi såg, vi plukka ein her og ein der ute i kanten, og vi kunne konstatere at der no ikkje var drektige hoer lenger, det var stort sett ungdyr og hannar vi fann no. Kastinga var nok over eller i gang no, men spørsmålet var kvar helst det gjekk for seg.

Det spørsmålet fekk vi aldri svar på. Den langvarige kraftige vestavinden hadde heilt øydelagt isforholda i det området vi heldt oss no. Vi hadde sett vår von til den svære baksen med fin fangstis der vi kryssa rundt fyrste månaden. Der var det og mengder av drektige hoer tilstades, og vi fekk høve til å fylgje utviklinga av ungane frå dag til dag, men då tida var nær då vi rekna med at kastinga skulle ta til, fekk vi ein vestavindstorm som sette heile isbaksen til havs so den gjekk i oppløysing. Deretter vart vi liggande fast i 11 dagar i det som truleg var kastetida, og vart hindra i å finne nytt felt. Vi måtte berre sjå det i augene at uveret vi fekk på oss nett i denne viktige perioden truleg hadde øydelagt turen for oss.

Vi sende helikopteret ut på rekognosering fleire runder, men fann same elendige forhold overalt der dei for over. 29. oktober fann vi to crabeaterungar på isen saman med mødrene. Den eine anslo vi til å vere 4-6 dagar gamal. Den hadde mjølk i magen, navlestrengen var vekk, den hadde ikkje fått tenner. Den låg saman med mora, men det var ikkje på kasteflaket. Det gjekk klart fram at den hadde vore i vatnet saman med mora. Den andre var truleg minst to veker gamal, den hadde og mjølk i magen, men den var svært stor og velutvikla. Etter det vi før hadde sett var ungane svært store og velutvikla før fødselen, og det kunne kanskje vere slik at dei fylgde mora i vatnet etter kort tid og at selen ikkje samla seg i store leger under kastinga slik



Sjøleopard, Antarktis 1964. Foto frå Sigmund Bøe.

som Grønlands-selen. Dette var og eit spørsmål vi ikkje fekk svar på.

Vi vog no på kva vi skulle gjere. Det var klart at vi måtte nokso langt i veg for å finne andre is- og fangstforhold. Kastesesongen var truleg over, det minka på bunkersen etter all hardkøyringa for å kome ut av klemma, og med ein rorskade som vi ikkje visste om kor gale det kunne vere, fann vi det rettast å avslutte turen.

31. oktober gjorde vi siste flyrekognosering utan å observere noko positivt. Deretter demonterte vi helikopteret og gjorde sjøklart over alt. I grålysninga 1. november gikk vi ut av isen og sette kurs for Montevideo. Avfarande S.6020 V 4015. Det synte seg no då vi kom i sjøen, at på grunn av rorskaden ville ikkje auto-piloten fungere, vi måtte derfor styre for hand resten av turen. Ellers fungerte alt fint bortsett frå radaren, som vi godt kunne trenge no, då det var dårleg sikt i byrjinga og mange isfjell i farvatnet.



Vi hadde nokre få eksemplar av alle selartar som fanst i Antarktis. Foto frå Sigmund Bøe

Vi kom til Montevideo 7. november. Havforskar Ørritsland, flygar Bergerud og mekanikar Svensson gjekk iland her og tok fly heim. - 10. nov. gikk vi til sjøs att. Kom til Bergen 7. desember. Vi tok i land helikopteret med tilhøyrande utstyr, før vi heldt fram til Brandal for å losse skinna, i alt 1125 skinn og 71 tonn spekk. - Vi hadde nokre få eksemplar av alle selartar som fanst i Antarktis, weddelsel, rosssel, pelssel, sjøelefant, sjøleopard og crabeater. Av desse var sjøleoparden so absolutt den som hadde finaste skinnkvalitet, både dei vaksne og ungane. Crabeaterungane var nok ikkje so verst, men av dei vaksne dyra var der knapt eit einaste som ikkje var skamfert av spekkhoggar. Dei hadde 5-6 striper etter spekkhoggartenner nedover rygg og sider, enten som ferske sår eller som gamle arr. Leoparden derimot hadde ikkje slike sår, dette rovdyyret klarte sikkert å ta opp kampen med spekkhoggaren, den hadde ein tanngard som kunne skreme livet av nokon kvar, og den kan gjere ei utruleg fart gjennom vatnet. Spekkhoggaren er utan tvil selen sin verste fiende.

Det hende av og til på Newfondlandsfeltet at der kom flokkar av dei inn i isen, og selen fekk då full panikk og rømde opp på isen so fort som mogeleg. Stundom stua dei seg ihop på flaka so dei heldt på å søkke ned, og dei rømde ikkje for

folk om dei kom aldri so nær i slike høve. Spekkhoggarane som samla seg her var nok ikkje av det intelligente, godslege slaget som småpratar og humrar og leikar seg, slik som mange naturvernarar fortel om. Dette var ei blodtørstig mordarbande som var ute for å drepe for moro skuld og som jaga i flokk på ein nokså utpekulert måte.

- Eit anna snodig døme såg vi av og til nede i Antarktis inne ved fastisen. Der kunne kome flokkar av pingvinar som lurte på å gå i sjøen, men dei stoppa på iskanten og stod der og diskuterte saka ei stund. Dei var visst redde der kunne vere spekkhoggar i farvatnet. Dermed kunne dei utan vidare ta for seg ein av flokken og skubbe han i sjøen. Gjekk det bra so gjekk resten av flokken etter. For pingvinen var nok ellers sjøleoparden like farleg som kvalen, vil eg tru.

15. desember kom vi til Bolsønes Verft for dokking. Då vi kom på slippen og fekk sjå roret, ville vi knapt tru det vi såg, vi hadde nok vore meir enn heldige som hadde fått det med heim. Sjølve rorbladet var forvridd og bulka so det var knapt til å tru, den svære rorstamma av 9 toms spesialstål var ikkje berre vridd, men den var forstrekt i kanten av foringa slik at den måtte brennast av for å få den ut. Sjølve styre-maskina (Frydenbø) var pressa sidevegs ca. ein cm og dei ca. 30 svære festeboltane (1 1/4 toms ?) var tilsvarande strekte utan å brekke. Det var vel nærmast eit under at ikkje noko var knust under den kolossale påkjenninga det fekk då det i eit par døgn vart slengt frå borde til borde av ispresset i dønningen. - Betre reklame for Frydenbø styremaskiner går det vel ikkje an å få.

(Artikkel skriven til boka «På minnegrunn», Ishavsmuseet 2003)

Ei korrigering og nærare forklaring.

Av Magnus Sefland

I ei tidlegare utgåve av *Isflaket* kom eg i omtale av MS *Minna* (1937) til å nemne noko som eg høyrde i Brandal for lenge sidan: Då *Minna* kom frå Amerika i 1945, skulle skipper Kristoffer Marø på overseglinga ha gjort teneste som messegut. Det var iallfall eit godt poeng at/dersom veteranskipperen – som i Amerika var kjend som ‘skipperen som alltid kom fram’ - skulle ha gjort teneste i det som tradisjonelt har vore ein nybegynnarfunksjon til sjøs og på ishavet.

I 1940 – kort tid før det tyske angrepet på Norge – drog skutene *Arktos* (skipper Bernt Marø), *Polaris* (skipper Peter P. Brandal) og *Polarbjørn* (skipper Kristoffer Marø) til selfangst ved Newfoundland. På grunn av krigen vart skutene verande i Nord-Amerika.

I løpet av krigen miste Bernt Marø og Karl Karlsen, som åtte skuta i lag, *Arktos* ved grunnstøying. Peter P. Brandal og Albert Hovland miste *Polaris* ved ein eksplosjon i bensinlasten. Bernt Marø/Karl Karlsen skaffa seg ny skute i Amerika: skonnerten, bygd i 1937, som fekk namnet *Minna*.

Sommaren 1945 kom *Minna* til Norge og førte med seg ei last med matmjøl. Skipper på overseglinga var medeigar Bernt Marø. Med på heimreisa var også fleire av dei som reiste ut i 1940. Peter P. Brandal. Han var i 1945 ‘skipper skuteløs’, etter som han hadde mist *Polaris* i 1942. Med var også dei to som var skipper og styrmann på *Polarbjørn* ved utreisa i 1940 – høvesvis Kristoffer Marø og Knut Johannessen.

Polarbjørn vart verande igjen i Amerika i charter for det amerikanske militæret vidare utover i 1945. Skipper Henrik Marø. Men Henrik kom heim ved årsskiftet 1945/46 som førar av trålaren *Maine*. *Polarbjørn* fekk med seg newfoundlandsfangsten i 1946 og leverte lasten i Norge. Skipper var Helge Brandal og

førsteskyttar Kristoffer Marø junior. Helge Brandal var andrestyrmann då *Polaris* forliste etter eksplosjon og brann i 1942. Kristoffer Marø senior med fleire reiste over for å ta *Polarbjørn* ut på fangst i 1946. Men då dei kom fram til Halifax, hadde skuta allereie gått til feltet med Helge Brandal som skipper.

Sommaren 1946 var *Polarbjørn* på nytt ekspedisjonsfartøy til Jan Mayen og Nordaust-Grønland for Norges Svalbard- og ishavsundersøkelser, Arktisk Næringsdrift AS og Hermann Andresen. Ekspedisjonsleiar John Giæver, skipper Kristoffer Marø og styrmann Henrik Marø. 1946-ekspedisjonen reetablerte radiostasjonen i Myggbukta etter krigen.

Minna var i mange år etter krigen fast reiskap i hendene til skipper Ingolf Røren under fart på Svalbard for Norsk Polarinstitutt. Skipsdagbøkene frå *Minna* vart verande hos Ingolf Røren då skuta vart ført tilbake til Karl Karlsen i Halifax rundt 1960. Ole-Christen Røren har framleis hand om dagbøkene. Ei avfotografering viser tydeleg at det var Kristoffer Marø senior som førde dagboka, dvs var påmønstra som styrmann. Bernt Marø har signert bøkene som førar av skuta.

‘Hushaldet’ om bord i *Minna* på overseglinga var truleg ikkje større – og Marø senior truleg ikkje større på det - enn at han inn i mellom kan ha både koka kaffi og skrella poteter.

Dersom nokon av *Isflaket* sine lesarar har annan relevant informasjon, er redaksjonen interessert i at det blir delt med lesarane.

REFERANSAR:

Informantar: Arnljot Brandal; Ole-Chr. Røren.

Litteratur:

Mikkelsen, P. S. 2019. *Nordøstgrønland 1908-1960. Fangstmandsperioden – og dens spor i dag*. Rønde, Danmark. Xsirius Books.

Ottesen, J. 1999. *Ishavsskuter*. Ulsteinvik. Fotoarkivet.

Ottesen, J. 2001. *Ishavsskuter III*. Ulsteinvik. Fotoarkivet.

«Veslekari»- ekspedisjonen – den private hjelpeekspedisjonen etter Roald Amundsen

Av Knut Domaas

(Norges Handels og Sjøfartstidende 25/2 – 1935)

Sommeren 1928 ble det etter initiativ av den norske presse og under dens administrasjon sendt to ekspedisjoner til Nordishavet for å lete etter Roald Amundsen og de andre som hadde fulgt med ham på flyvebåten «Latham». Omkostningene ved disse ekspedisjoner ble dekket av midler innsamlet fra almenheten.

De to ekspedisjoner øvet ingen bedrifter av sådan betydning, at det i og for sig kunde gi grunn til å skrive om dem nu.

Andre, som har vært optatt med å forfatte den del av verdenshistorien som de var med på å skape i Nordishavet den sommer, har imidlertid ikke begrenset sig til sine egne gjerninger, men har også beskjeftiget sig med de to ekspedisjoner med «Veslekari» og pressens virksomhet i denne forbindelse. Hvad de har anført utmerker sig ikke særlig ved pålitelighet.

De to mest fremtredende menn innen pressens arbeidsutvalg, nemlig redaktør Frøis Frøisland og kaptein Otto Sverdrup er avgått ved døden.

Jeg betrakter mig som deres eftermålsmann i denne sak, og kan derfor ikke la en hvilken som helst omtale av deres arbeide uenset.

«Veslekari»

Roald Amundsen var forsvunnet i polarisen. Mandag den 18. juni 1928, litt over kl. 16 lettet «Latham 47» fra Tromsø. Kl. 18.45 hørte telegrafisten ved Geofysisk Institutt i Tromsø at «Latham» anropte Kings Bay to ganger for å få forbindelse. Så blev det dødsens stille.



Roald Amundsen i Ny-Ålesund 1925. Foto Hans Hjelle.

Engstelsen vokste fra time til time. Med stigende heftighet krevet almenheten, at de ytterste anstrengelser skulde gjøres for å finne Amundsen og hans feller. Deres liv måtte reddes om det stod i menneskelig makt.


Den 26. juni ved 21-tiden ringte telefonen.

«Det er Frøis», lød det. «Kom med engang op i «Aftenposten». Skynd dig». Så brøt han forbindelsen uten å vente på svar.

I redaktør Frøislands kontor var der samlet representanter for Oslo-dagbladene. Dessuten var kaptein Otto Sverdrup, major Tryggve Gran og løytnant Gustav Amundsen der.

«Vi er enige» sa Frøis, «om å befrakte «Veslekari» og sende den op langs østkysten av Svalbard for å lete etter «Latham»-ekspedisjonen. Vi åpner en innsamling i alle aviser imorgen tidlig og går igang så hurtig som mulig.

Deltagerne i dette nattemøte konstituerte sig som komité. Frøisland hadde fått møtet istand og var i det hele den som hadde vært mest aktiv i saken. Han nektet imidlertid bestemt å motta valg som formann. «Det er den samlede presse, som skal optre og Presseforbundets formann er pliktig til å ta formannsstillingen», sa han. Dermed blev det. Vi nedsatte et arbeidsutvalg. Det bestod av Frøis Frøisland, generalkonsul Arth. H.



Latham før avreise. Foto frå Wikimedia.

Mathiesen som rederikyndig og formannen. Roald Amundsens brorsønn, løytnant Gustav Amundsen, påtok sig hvervet som sekretær. Otto Sverdrup ønsket ikke å være med i arbeidsutvalget, men lovet å bistå med gode råd. En bedre rådgiver for et slikt foretagende kunde ikke opdrives på denne klode.

Initiativet til møtet var tatt av løytnant Amundsen, major Gran og redaktør Frøis Frøisland. Amundsen hadde drøftet spørsmålet med Gran og deretter anmodet Frøisland om ved en offentlig innsamling å skaffe de nødvendige midler til å sende «Veslekari» til de østlige farvann. Frøisland henvendte sig derefter til de andre aviser.

Følgende oprop til almenheten var besluttet innrykket i morgenavisene:

Osloavisenes oprop

Over 8 dager er gått siden «Latham» under ledelse av Roald Amundsen og kommandørkaptein Guilbaud forlot Tromsø for å komme Nobile til hjelp. At det er tilstøtt flyvemaskinen noe må nu betraktes som sikkert.

Langs den vestlige rute, som «Latham» kan ha tatt, vil der bli foretatt undersøkelser av «Hobby», som er blitt stillet til regjeringens disposisjon, av «Michael Sars» samt av marinefartøiene «Tordenskjold», «Strassbourg» og «Quentin Roosevelt».

Men av stor betydning vil det også være å undersøke de kyster og øer som «Latham» kan ha fløiet over, om den østlige rute er blitt valgt.

Er en nødlanding foretatt her, er det mulighet for at besetningen kan ha reddet sig i land. Til befarung av dette område er det anledning til å få leiet ishavsfartøiet «Veslekari» under kommando av den kjente ishavsskipper Johan Olsen. Skibet er klar til å starte idag.

I full forvissning om, at det norske folk vil gjøre alt som er mulig for å redde Roald Amundsen og hans feller, har avisene i Oslo besluttet å rette en inntrengende henstilling til sine lesere om å yde bidrag, så denne ekspedisjon kan komme avsted.

Det beløp som trenges ligger mellom 60,000 og 80,000 kroner.

Kaptein Otto Sverdrup uttaler, at får man «Veslekari» avsted, har man gjort hvad man kan. Men det haster.

Bidrag kan tegnes i bladets ekspedisjon.

Møtet i «Aftenposten» varte bare en kort stund. Frøis Frøisland ledet med fynd og klem. Han talte tilsynelatende rolig, men med en undertone av fortettet energi, som virket sterkt stimulerende.

*

Jeg hadde vært i Bergen på møter og således utenfor det som var foregått i Oslo.

Søndag den 17. juni kom Roald Amundsen til Bergen med nattoget fra Oslo. På stasjonen var der samlet en mengde folk. Massen hyldet ham med begeistrede hurrarop.

«Bare de vilde la det være til vi kommer hjem og har utrettet noe», sa han utålmodig.

Roald Amundsen var en handleglad mann; men overfor bifallet var han hjelpeløs. Den offentlige hyldest plaget ham åpenbart. En viss skyhet overfor bifallet hadde vært merkbar hos ham også før. Nu var den langt mere fremtredende enn da han kom fra Nordvestpassasjen, fra Sydpolen og fra Teller.

Han rakte mig sin hånd til avskjed og sa: «Takk for alt da».

Om kvelden gikk «Latham 47» op fra Bergens havn. Ti tusener ropte hurra, viftet til den og stirret efter flyet så lenge det kunde sees.

*

Åtte pinlige ventedager var gått siden «Latham 47» gikk fra Tromsø. Ingen melding kom. Det var intet spor. Ikke noen underretning av noensomhelst art kunde gi den minste antydning om hvordan det var gått ekspedisjonen.

Skib var sendt nordover for å lete. Det var mange skib deroppe og underveis: Fiskeriopsynsskibet «Michael Sars», en bergmesterskjøite, panserskibet «Tordenskjold», ishavsdampskibet «Heimland»,

fiskeopsynsskibet «Quintin Roosevelt», krysseren «Strassbourg» dampskibet «Hobby» m. fl. Noen av disse skib var allerede i ferd med å lete i området Tromsø – Bjørnøya – Svalbard og vestover. De øvrige var bestemt til det samme område. De fleste vilde nå frem i løpet av få dager.


Kaptein Wisting var der, en av verdens mest kyndige ishavsfarere, Roald Amundsens beste venn. Ingen kjente hans tenkemåte og handlesett bedre enn Wisting. Selvsagt foregikk eftersøkningen efter samråd med ham. Ingen sjef vilde gi avkall på en slik stabsoffiser for en sådan opgave, enn for å bytte ham med en yngre mann uten polarerfaring.

I havet fra Bjørnøya nordover langs vestkysten av Svalbard vilde således sikkert hver krok bli undersøkt. Ganske visst kunde orlogsfartøiene ikke gå inn i isen, men det måtte antas, at de var utrustet med materiell for sledeekspedisjoner. Flyvemaskiner fantes der oppe, også norske maskiner. Krigsskibene kunde gå inn til iskanten og ved hjelp av båter, sledeekspedisjoner og flyvere få hele den siden av øgruppen så grundig undersøkt som det overhode var mulig.

